
Studivstyresak: **20/6**

Saksnr.: 2019/8064

Møte: 22. april 2020

SMÅ STUDIEPLANENDRINGAR HAUST 2020. PLANAR FOR, OG YNSKJE OM STØRRE ENDRINGAR I STUDIEPROGRAM

Fakultetsadministrasjonen sendte, 03. februar 2020 brev til alle institutt med informasjon og ei påminning om den faste fristen 1. mars for innsending av små studieplanendringar for emne som skal undervisast komande haustsemester.

Vi har mottatt forslag til studieplanendringar frå alle institutt, lektorutdanningsutvalet, programstyret for sivilingeniørutdanningane og skulelaboratoriet for realfag

Alle brev med forslag til endringar frå institutta ligg vedlagt på wikisida: https://wiki.uib.no/matnat/index.php/M%C3%98TE_22._APRIL_2020. Saksforelegget er eit utdrag basert på desse breva der fakultetet har kommentert forslaga. For å sikre informasjonsflyt vart det til fristen 1. mars også sendt ei oppmoding om ei orientering om større endringar i emneporteføljen og studieprogram. Fakultetet vil nytte høve til å rose alle fagmiljø for arbeidet med studieprogramkartlegginga i prosjektet for generiske ferdigheiter. Fakultetet vil samle og gå igjennom desse planane og kjem med vidare oppfølging seinare.

Små studieplanendringar

Dei små studieplanendingane er justeringar av emneskildringar og undervisningstilbodet haust 2020. I tillegg, kan institutta foreslå enkelte større studieplanendringar når dei er ein konsekvens av studieplanendingar som vart vedtatt 1. oktober 2019. Større endringar som kjem studentane til gode kan også vurderast i samband med små studieplanendringar.

Vi gjer merksam på at det er vedteke ei endring som det er viktig at fagmiljø er merksam på. Det er fastsett at MAT105 overlappar 5 studiepoeng med MAT111 og med MAT101.

FORSLAG TIL VEDTAK

Studivstyret vedtok forslaga til små studieplanendringane som er fremja med dei endringane som kom fram i godkjenningrunden. Studivstyret tilrår samanslåing av studieretningane på Masterprogrammet i matematikk.

Bergen 22. april 2020 MN/STB

Innmeldte studieplanendringar

Geofysisk institutt

Instituttet melder om endringar krav til forkunnskapar i GEOF100 frå «Fysikk 1+2 og Matematikk R1+R2 eller PHYS101 og MAT111 (kan lesast parallelt)». Fysikk 1+2 og PHYS101 vert flytta til «Tilrådde forkunnskapar». Slik at ny tekst blir som følger frå hausten 2020: «Krav til forkunnskapar: matematikk R1 og R2 eller MAT111».

[GEOF105](#) *Atmosfære- og havfysikk* endrar vurderingsform der to obligatoriske øvingar skal telje 15 % kvar og skriftleg skuleeksamen tel 70%. Skriftleg skuleeksamen endrar tid frå 5 til 4 timars skuleeksamen.

Sekretærens kommentar:

Obligatoriske øvingar registrerer som godkjent/ikkje godkjent. Dersom resultat skal telje med på karakteren, er det ein delkarakter og bør førast opp på vurderingsformer.

Instituttet gjer også endringar i [Bachelorprogrammet i klima-, atmosfære- og havfysikk](#) ved at [PHYS112](#) *Elektromagnetisme I* vert fjerna frå lista over obligatorisk valemne.

Programstyret i energi melder om endring i undervisningstilbodet i [ENERGI210](#) *Energifysikk og -teknologi*. Emnet vil gå unntaksvis hausten 2020 for å ivareta studenter på første kull (H2017). Deretter går emnet våren 2021 og kull 2018 og 2019 tar emnet sitt 6. semester parallelt med praksis ([ENERGI240](#) *Praksisutplassering*).

Vidare planlegg Geofysisk institutt ein gjennomgang om omlegging av det toårige masterprogrammet i energi ettersom HVL planlegg oppstart av eigen energi-master frå og med hausten 2021.

Forslag til vedtak:

Styret vedtok å tilrå endringane i studieplanane som Geofysisk institutt har føreslått med dei endringane som kom fram i godkjeningsrunden.

Institutt for biovitenskap

Det blir gjort endringar i vurderingskombinasjon og mindre endringar i emneskildringar ved instituttet. [BIO201 Økologi](#) skal gå frå å være tilrådd til eit obligatorisk emne for dei som skal ta master i biologi – biodiversitet, evolusjon og økologi. I tillegg, ynskjer instituttet at [BIO100 Innføring i evolusjon og økologi](#) skal opnast opp for alle UiB studentar og endrar opptakskravet til GENS.

Emnet [MOL210](#) endrar namn frå «*Lipidkjemi: Frå kjemi til sjukdom*» til «*Lipidkjemi, membranar og metabolisme i helse og sjukdom*». I tillegg endrar BIO381 studienivå frå 300 til 200 tals nivå.

Sekretærens kommentar

Læringsutbyte bør kvalitetssikrast i samband med namneendringa i MOL210. Studienivåendring krev ny emnekode. [BIO275 Fiskehistopatologi](#) er oppretta og er no synleg på nettsidene.

Instituttet opprettar eit nytt vidareutdanningsemne med tema resirkulerings akvakultur (RAS) med oppstart hausten 2020. Emnet er eit ledd i pilotsamarbeidet med fakultetet med intensivtiltak for nye EVU-emne.

Sekretærens kommentar:

Emnet er oppretta og har fått emnekode RAS601.

Instituttet legg ned følgjande emne:

[BIO296 Formidlingsprosjekt i biologi](#). Praksis vert ivaretatt i BIO298.

[BIO366 Praktisk trening i vitskapsformidling](#)

[BIO354 Vertebratar i palaeøkologi](#)

[BIO330 Floristikk](#)

Sekretærens kommentar

Sjølvs om emna vert lagt ned, må det arrangerast eksamen i emna minst to semester etter at emna vert lagt ned.

BIO381 endrar studienivå frå 300 til 200- nivå

Sekretærens kommentar:

Ny kode for emnet er BIO275 for å kode i same serie som resten av spesialiseringsemna i fiskehelse.

Studiestyret vedtok å tilrå endringane i studieplanane som Institutt for biovitenskap har føreslått med dei endringane som kom fram i godkjeningsrunden.

Institutt for fysikk og teknologi

Instituttet melder om mindre redaksjonelle endringer i læringsutbytte. Endringa går i hovudsak ut på hjelpemidlar ved eksamen og presisering av obligatoriske øvingar. I tillegg, endrar [PHYS204](#) *Klassisk mekanikk og spesiell relativitetsteori* vurderingsform til skriftleg skuleeksamen og [PHYS342](#) *Kvantefeltteori* til munnleg eksamen.

Sekretærens kommentar:

Vurderingsforma er allereie oppdatert teknisk

Vidare skriv instituttet: «PHYS109 har fungert som innføringsemne i bachelorgraden i fysikk siden 2011. Ønske om å gjøre dette emnet om til obligatorisk innføringsemne er mer en formalisering av dagens praktisering....»

Sekretærens kommentar:

Programskildring og tilhøyrande læringsutbytte på norsk og engelsk bør kvalitetssikrast som følgje av endringa. I tillegg også eventuelle vitnemålstekstar.

Programstyret for havteknologi

Programstyret gjer endringar i emneskildringa i [HTEK101](#) *Introduksjon av havmiljø*. Vidare har programstyret lagt ved oppdaterte studieplan, som følgje av at emnekodene MAS105: *3-D modellering og teikning* og [PHYS273](#) *Marin akustikk* har fått emnekode. Dette var ikkje på plass då studieplanen vart levert hausten 2019.

Studiestyret vedtok å tilrå endringane i studieplanane som Institutt for fysikk og teknologi har føreslått med dei endringane som kom fram i godkjeningsrunden.

Kjemisk institutt

Etter informasjonsmøtet om grunnemna i matematikk, ynskjer instituttet at bachelorstudentane i kjemi skal kunne velje mellom MAT101/MAT105/MAT111. Bachelorstudentane i nanoteknologi skal ta MAT111 som grunnemne i matematikk. Instituttet gjer også endringa i KJEM110 der mappevurderinga skal bestå av obligatoriske innleveringsoppgåver (Bestått/ikkje bestått), Laboratoriekurs 20 % av karaktergrunnlaget, Midtsemestervurdering (2 T) 20 % og skriftleg slutteksamen (4 t) som skal telje 60 % av vurderingsgrunnlaget.

Sekretærens kommentar:

Obligatoriske innleveringsoppgåver bør bruke ordlyden godkjent/ikkje godkjent heller enn bestått/ikkje bestått.

Vidare er det gjort presiseringar i vurderingsforma og andre redaksjonelle endringar i emna: KJEMDID220/-P, NATDID211 og NATDID212-P.

Studiestyret vedtok å tilrå endringane i studieplanane som Kjemisk institutt har føreslått med dei endringane som kom fram i godkjeningsrunden.

Institutt for geovitskap

Instituttet melder inn små studieplanendringar som gjeld instituttet sine emne som i hovudsak går på emnetittel, vurderingsform og mål og innhald.

Blant anna har [SDG213](#) *Klimaendringar -årsaker og konsekvensar* gjort mindre redaksjonelle endringar i emneskildringa.

[GEOV300](#) *Utvalgte emner i geovitskap* endrar namn som betre skal skildre innhaldet i emnet. Nytt namn vert ettersendt.

Sekretærens kommentar:

Det er viktig at emnet sitt læringsutbytte blir kvalitetssikra som følgje av namneendringa. Sidan emnet skal gå til hausten, bør namneendringa bli ettersendt snarast.

Pilotemnet [GEOV370](#) *Energiomstilling: status, utfordringer og muligheter* er vidareutvikla og får ny tittel og ny emnekode: [SDG207](#) *Energiomstilling*.

Sekretærens kommentar:

Dette er oppdatert og vises på Uib.no

Instituttet ynskjer å endre emnekoden [PTEK218](#) *Bergartsfysikk* til [GEOV218](#). Dette som ein naturleg konsekvens av at emnet vert administrert av Institutt for geovitskap. I tillegg endrar emne undervisningssemester frå våremne til haustemne. Neste gong emnet vert undervist er våren 2021.

Emna [GEOV621](#), [GEOV622](#), [GEOV623](#) og [GEOV624](#) vert nedlagt. Emna har ikkje vore undervist på fleire år.

[GEOV276](#) *Teoretisk seismologi* endrar namn til *Introduksjon til teoretisk seismologi*. Emnet har hatt høg vanskegrad, og nytt pensum vert introdusert. Tittelen vil betre reflektere denne endringa. I tillegg, endrar emnet undervisningsfrekvens frå vår til haust. Emnet vert undervist våren 2020 og hausten 2020.

Samanslåing av matematisk og geologisk fordjuping for bachelorprogrammet i geovitskap retning geofysikk.

Instituttet skriv:

«Institutt for geovitenskap har utarbeidet en felles studieplan for BAMN-GEOV retning geofysikk. Årsaken til at man så behovet for sammenslåingen av de to fordypningene var at BAMN-GEOV retning geofysikk fordypning i geologi har veldig mange likhetstrekk med BAMN-GEOV retning geologi. Sammenslåingen ble godkjent som en liten studieplanendring på bakgrunn av at både læringsmål, ferdigheter, generell kompetanse og vitnemålstekstene for BAMNGEOV retning geofysikk fordypning i geologi og fordypning i matematikk er like. Dette til tross for at studentene tilegner seg ulik kunnskap og ferdigheter i de to fordypningene. Det viser seg at den nåværende vitnemålsteksten passer bedre til den felles studieplanen som nå er utarbeidet. Med andre ord endrer ikke denne studieplanendringen læringsutbyttet som er oppgitt på nettsidene.»

For å dekke eventuelle kunnskapshol mellom GEOV112-GEOV113 til GEOV276 vert det oppretta eit nytt geofysikk emne. Emneskildring vert ettersendt. Vidare vert innhaldet i GEOV219 inkludert i andre emne og [GEOV219](#) vert på sikt lagt ned.

Sekretærens kommentar:

Fakultetet ynskjer å være fleksible i forhold til endringar som kjem som følge av prosjektet generiske ferdigheiter Fakultetet godkjenner difor endringa med bakgrunn av at dette er ei samanslåing av fordjuping og ikkje samanslåing av studieretningar. Det er viktig at emneskildring for det nye geofysikk emnet vert ettersendt snarast slik at ein får registrert dette teknisk.

Instituttet ynskjer vidare studierettskrav ved BAMN-GEOV for å ta obligatoriske emne i graden. Studentar som ikkje går på programmet må søkje unntak frå dette kravet.

Sekretærens kommentar:

Fakultetet vil gå i dialog med instituttet om korleis dette best kan ordnast. Eit alternativ er at emna inngår i undervisningsopptaket. På denne måten kan ein regulere studentar som får opptak, og eventuelt etterfylle ledige plassar.

Instituttet varslar også om følgjande langsiktige planar:

- Endre namn på Bachelorprogrammet i geovitskap til Bachelorprogram i geofag
- Opprette GEOVabc Prosjektoppgåve/bacheloroppgåve som skal være valfritt.

Studivestyret vedtok å tilrå endringane i studieplanane som institutt for geovitskap har føreslått med dei endringane som kom fram i godkjenningrunden.

Institutt for informatikk

Instituttet har gjort mindre presiseringar i emneskildringa i [INF100](#) *Innføring i programmering*. Vidare vil [INF112](#) endre namn frå «Systemkonstruksjon» til «Innføring i systemutvikling» og endrar vurderingsform frå skriftleg skuleeksamen til mappevurdering. Instituttet har også justert mål og innhald, læringsutbytte og tilrådde forkunnskapar i [INF222](#) *Programmeringsspråk*.

Emnet [INF161](#) *Innføring i data science* endrar undervisningssemester frå haust til vår. Emnet vert undervist hausten 2020, deretter våren 2021.

Instituttet gjer justeringar på opptakskrava til masterprogramma på alle studieretningar unntatt logikk, der matematikk kravet vert senka frå 20 til 15 studiepoeng. Formålet med dette er å opne opp for søkjarar frå utdanningsinstitusjonar som har to matematikkemne i graden men der emna gjerne er på 7,5 studiepoeng. Studieretninga Logikk beheld kravet om 20 studiepoeng.

Vidare så endrar [INF265](#) *Djuplæring* vurderingsform frå munnleg til skriftleg eksamen på 3 timar. Emnet [INF328](#) *Programmeringsspråkelementer* gjer justering i krav til studierett.

Årsstudiet i informatikk ([ÅRMN-INF](#))

Ved å ikkje la studentane velje MAT105/MAT111 som valemne første semester kan studentane risikere å ende opp med 5 studiepoeng overlapp dersom dei ved eit seinare tidspunkt må ta MAT105/MAT111 (til dømes Bachelorprogram i data science der MAT105/MAT111 er obligatorisk. Studentar med god karakter i R2 vil bli råda til å velje MAT105/MAT111 gjennom nettsida I gang.

Obligatoriske emne i årsstudiet blir difor:

Haust: INF100, INF170, INF122/MAT101/MAT105/MAT111/INF140

Vår: INF101, INF115, INF142/MNF130

Sekretærens kommentar:

Dette er oppdatert og vises på Uib.no

Studieretninga vedtok å tilrå endringane i studieplanane som institutt for informatikk har føreslått med dei endringane som kom fram i godkjeningsrunden.

Matematisk institutt

Instituttet legg til 3 punkt i studieprogrammets læringsutbytte for BAMN-MAT, BAMN-MATEK, BAMN-STATS og MAMN-AKTUA:

Ferdigheit:

- Bruke kreativ problemløysing i teknisk krevjande materiale

Generell kompetanse

- Tenke analytisk
- Følgje god og etisk praksis for vitenskapleg kommunikasjon

Nye studieplanar for BAMN-MAT, BAMN-MATEK, BAMN-STATS og MAMN-AKTUA.

Instituttet har lagt med nye studieløpstabellar og skriv følgjande:

«- I stedet for ExPhil vil de to nyopprettede emnene (meldt inn H19) MAT100 og STAT100 gå inn som førstesemesteremner. STAT100 vil bli obligatorisk, mens MAT100 kun blir sterkt anbefalt.

- Alle 4 studieprogram ved MI vil ha ExPhil inn i 4. semester. Dette er også et sterkt ønske fra studentene, da de vil ha muligheten til å reise på utveksling siste året.

- Studieplanen i BAMN-STATS og MAMN-AKTUA får mye omrokking, for her var INF100 i 3. semester, men må nå inn i første studieår og forskyver da STAT110. Ettersom vi har et nytt STAT100, slik at studentene møter statistikk første semester, synes vi det er greit å vente så lenge med STAT110. Egentlig ønsket vi jo STAT110 i andre semester og STAT111 i tredje, slik at de fikk litt statistikk hvert semester, men fikk ikke bytte undervisningssemester.

- Som følge av at INF100 blir obligatorisk i BAMN-MAT strykes breddekravet i programmet, ettersom det nå blir oppfylt med INF100.

Vidare så opnar [MAT642 Laboratoriekurs i reknevitskap](#) / [MAT643 Matematikkens historie - matematikken i nyare tid](#) opp for at andre studentar kan melde seg til emnet. Emne vil fortsatt være med i undervisningsopptaket. Emna vert undervist samlingsbasert og er knytt til Erfaringsbasert master. Det er god plass på emna og instituttet får ein del førespurnadar frå studentar som ynskjer å ta emnet, spesielt studentar so ynskjer å kvalifisere seg til PPU.

MAT101-MAT105 studiepoengoverlapp, instituttet skriv:

«Forslag om 8 studiepoengs overlapp, ikke 10 som det er registret nå. Dette var egentlig et ønske fra brukerinstituttene, som synes det var vanskelig å argumentere for at MAT101 og MAT105 var forskjellige når det var fullt overlapp. Begge emner baserer seg på samme pensumbok, så faglig sett er det nesten full overlapp, men undervisningsmetoden er så forskjellige at studentene lærer forskjellige ting. Programstyret anbefaler 8 studiepoengs overlapp».

Fakultetet sin kommentar

Generelt tilrår fakultetet 0, 5 eller 10 studiepoeng overlapp mellom emner. I ettertid har vi vært i møte med Matematisk institutt og blitt samde om at MAT105 overlapper 5 studiepoeng med MAT111 og med MAT101.

Masterprogrammet i matematikk foreslår å slå saman 4 studieretningar: matematisk analyse, algebra, algebraisk geometri og Topologi til eit masterprogram med eit opptak. Instituttet ynskjer at dette kan tre i kraft snarast råd. Instituttet har lagt ved ny programskildring for masterprogrammet.

Fakultetet sin kommentar

Fakultetet er positive til at denne samanslåinga og kan gjelde for opptak våren 2021. Det bør utformast gode rettleiingstekstar for kva som er tilrådde emneval innanfor eit gitt tema for masteroppgåve. Godt døme [sjå Master i kjemi](#).

Matematisk institutt melder også om følgjande langsiktige planar:

«Det har hele tiden vært planer om å endre på MAT102 for å følge et nytt MAT101. Selv om nytt MAT101 ble til MAT105 og vi beholder gamle varianten av MAT101, så planlegger vi allikevel å oppdatere MAT102 slik at det passer som en naturlig fortsettelse for både MAT101 og MAT105. Dataøvelsene vil også endres, slik at de blir basert på Python, og ikke på Matlab som nå. Dette fordi alle studenter vil ha INF100 i første studieår og dermed lære Python.

Ny emnebeskrivelse for MAT102 vil leveres til fristen for store studieplaner i september 2020, og det er planlagt at nytt MAT102 vil undervises første gang våren 2021.»

Studiestyret vedtok å tilrå endringane i studieplanane som Matematisk institutt har føreslått med dei endringane som kom fram i godkjeningsrunden. Studiestyret tilrår samanslåing av studieretningane på Masterprogrammet i matematikk.

Lektorutdanningsutvalet

Lektorutdanningsutvalet skriv:

«I de nye studieløpene, <https://org.uib.no/laererudMN/studielop2020.pdf>, er det kun i et løp at KJEM110 ligger i 1. semester, i studieløp for fagkombinasjonen Kjemi med matematikk som fag 2. I øvrige studieløp der kjemi er fag 1 eller 2 ligger emnet i 2. semester. Vi ønsker å bytte KJEM110 og INF100 i dette studieløpet, slik at også dette studieløpet har KJEM110 i 2. semester. Det er sjekket med studieadministrasjonen på Kjemisk institutt at denne endringen er uproblematisk med tanke på progresjon i kjemi. Fordelen med å gjøre dette byttet er bl.a.:
- lektorstudentene spres på færre emner i 1. semester, noe som er positivt for kullfølelse
- flere av lektorstudentene vil kunne vente til 2. semester med å velge fagkombinasjon, noe som er en fordel, da ikke alle har bestemt seg ved oppstart, og bytte fra en fagkombinasjon til en annen vil skape mindre problemer for studentene
- man unngår evt. konflikt mellom lab i KJEM110 og kortpraksis, noe som har vært utfordrende i enkelte tidligere semestre.

Siden dette gjelder en endring for studenter som ennå ikke har startet og kun gjelder rekkefølge på emner (ikke endring i hva som er obligatorisk), ber vi om at denne endringen kan gjøres nå og gjøres gjeldende for studenter som tas opp H20 og senere»

Studiestyret vedtok å tilrå endringane i studieplanane som Lektorutdanningsutvalet har føreslått med dei endringane som kom fram i godkjeningsrunden.

Skulelaboratoriet i realfag

Skulelaboratoriet i realfag har revidert emna NAT621, 622, 623, 624 i tråd med nye læreplanar som trer i kraft frå hausten 2020. Emna har fått nye namn som harmonerer betre med utdanningsdirektoratet sin terminologi. Nye namn er:

NAT621: Naturfag 1: Biologi

NAT622: Naturfag 1: Kjemi

NAT623: Naturfag 2: Fysikk

NAT624. Naturfagets arbeidsmåtar

Studiestyret vedtok å tilrå endringane i studieplanane som skulelaboratoriet for realfag har føreslått med dei endringane som kom fram i godkjeningsrunden.